




KLASSEKAMPEN

Venstresidas dagsavis
Nettutgaven, torsdag 1. november, 2012

TIRSDAG 30. OKTOBER, 2012

Kultur & medier



SAKNA MØRAL: Jakta på ein psykiatrisk diagnose under 22. juli-rettsaka resulterte i eit lite tilfredsstillande ordskifte kring skuld og ansvar, meiner Toril Moi.

Den vanskelege røynda

Tirsdag 30. oktober, 2012

Av Maria Horvei (tekst)

FAKTA

LES MER

22. juli har blottstilt behovet for å kunne snakka om moral, meiner litteraturprofessor Toril Moi - om ansvar og skuld, godskap og vondskap.

- Ordet moralsk er så belagt på norsk. Det høyrest som ei slags vestlandsk bibellesing, det er jo slett ikkje det eg meiner. Men eg veit ikkje kva eg skal kalla det elles.

Toril Moi blar kjøpt gjennom papira sine, der ho sitt blant tunge møblar i lokala til Det Norske Videnskaps-Akademi. Jetlagen, forårsaka av turen frå North-Carolina, der Moi er professor i litteratur ved Duke University, er så vidt rista av kroppen. Ho har snakka raskt og oppgitt om frykta for kva som vil skje om ein viss utfordrar vinn makta i Det kvite hus 6. november. Det er heilt grusomt, seier ho, og ristar på hovudet. Men det er ikkje det ho er komen til Noreg for å snakka om denne gongen.

Orda som ligg føre ho, dei ho om ein knapp time skal framføra for akademiets medlemmer og andre interesserte, er eit filosofisk forsvar. Med støtte frå tyske Immanuel Kant og amerikanske Cora Diamond - for å nemna nokon - legg Moi fram grunnlaget for påstanden ho fremma i seinaste nummer av tidsskriftet Samtiden: at 22. juli har vist at Noreg treng å kunne snakka om moral. Me må finna ein måte å diskutera det som verken kan skildrast i naturvitskaplege termar, eller avfeia som relativisme.

- Det handlar om å bli minna på at det fins måter å snakka på som er gyldig innsikt, som ikkje er vitskapleg, men som ikkje dermed er heilt opent for tvil, seier Moi. Bestemt.

Det vanskelege

Me må greia å ta innover oss «det vanskelege med røynda,» meiner Moi, med eit omgrep lånt av Cora Diamond; det som ikkje let seg omtala i reine, klare kategoriar, det som ikkje let seg forklara sånn utan vidare. Som Anders Behring Breivik.

- Psykiatrane Sørheim og Husby er eit motdøme til dette. Dei bestemmer seg for at når dei skal finna ut noko om Breivik, så er det gjennom klare spørreskjema. Og det som er meir komplisert, og ikkje passa inn der, er ikkje vitenskap for dei, seier ho.

- Så spørsmålet er om du kan ha noko som me vil oppfatta som sann kunnskap om andre menneske, som tar ein anna form enn dei spørreskjemaa?

At svaret på dette spørsmålet er at ja, det kan du, er Moi viss på. Som innsikten du har i om venninna di er ei god venninne, eller kva du legg i ordet vennskap. Utvikling og diskusjon kring språket er avgjerande for å kunne diskutera moral, trur ho.

- Når me snakkar om noko, har me allereie felt ein dom. «Det du gjer, passar inn under kategorien vennskap.» Sånn sett meiner eg det gjeld å bli merksam på språket me bruker, og kva verdiar me legg i det. Og prøve å finne eit språk for dette, som forklarar korleis me oppfører oss, til dømes. Det har me vore ganske dårlege på.

Forbi merkelappen

- På kva måte meiner du evna til å snakka om slike ting ville hjelpt i etterspelet av 22. juli?

- Eg trur ein kunne fått ein mykje meir nyansert debatt om terrorisme og vald, som ikkje berre gjekk på tilregneleg ikkje tilregneleg. Det var tydeleg at retten sjølv etterspurte dette. Eit spørsmål om ansvar, er eit moralsk spørsmål. I kor stor grad har du ansvar for det du gjer?

Jakta på ein psykiatrisk diagnose under rettssaka resulterte i ein lite tilfredsstillande diskusjon kring skuld og ansvar, i Mois auge.

- Det me har gjort, er å sei at me ikkje treng å snakke om dette. Me treng berre å finna ein psykiatrisk merkelapp, så er me ferdige. Kan me sei psykotisk, så treng me ikkje sei noko meir. Det er veldig lite tilfredsstillande, meiner eg.

Det gode og det vonde

Toril Moi bruker gjerne ordet vondskap. Ein treng ikkje meir kunnskap for å bruka ordet «vond» enn «god», trur ho. Men er det ikkje det eit ord det er vanleg å kvi seg for å bruka - eit ord som er for sterkt, for øydeleggjande?

- Den haldninga har eg for det fyrste hatt sjølv, for det andre kjenner eg den veldig godt igjen. Alt eg seier, er at det er situasjonar der det er det riktige ordet. Eg seier ikkje at det alltid er det riktige ordet, det ville jo vore heilt absurd. Men eg merker meg at dei som ikkje trur ein kan bruka ein slik merkelapp, gjer det fordi dei har ei absolutt moralistisk førestilling om at det er umoralsk å setja merkelappen «vond» på nokon. Det er i alle fall ein klar, radikal grunnregel dei lever etter, og den må dei kunne grunnngje, svarar ho.

Måten me brukar ord, avslører korleis me ser verda. Å unngå visse ord, fører ikkje til djupare innsikt, berre tabuar, trur Moi. Mening vert til gjennom bruk.

- Eg trur dei aller fleste av oss veit kva me meiner med ordet «vond» i dei fleste tilfelle. At å drepa 77 menneske er vondt, trur eg alle forstår.

Determinisme

- I Noreg har boka til Aage Borchgrevink reist spørsmålet om kva innverknad barndommen har hatt i Breivik sitt tilfelle? Om ein tenkjer seg omgrep som moral og vondskap - korleis spelar det inn i det som kan vera ein øydelagt barndom?

- Det du eigentleg spør om, er om me har nokre reglar for ansvar i slike tilfelle. Der er det viktig å vite at det er mange som har ein skada barndom, som ikkje gjer noko sånt. Då burde me jo eigentleg dele ut premier til dei som klarer seg. Det er interessant at det er når noko har gått galt, at ein trekk fram den skada barndommen, og trekk konklusjonen at då er det nullansvar. Men det kjennest ikkje heilt riktig for meg å sei det. Kva gjer me då med dei som trass alt det forferdelege dei har opplevd kjemper seg fram og får det til? Det er ei spørsmål om kor deterministiske me er. Eg trur ikkje det fins eitt endeleg svar på det.

Men om svaret ikkje er openbart - Toril Moi ynskjer at me skal snakka om det.

- Om me kan bli flinkare til å snakka om dette, kan me kanskje òg bli flinkare til å unngå tidlegare generasjonars feiltrinn. Å ikkje sei at ein overhovud ikkje kan snakka om vondskap, men berre om ein psykiatrisk rapport - for då er eg ikkje slem, då sett eg ikkje stygge merkelappar på folk - men heller finn ut kva ein meiner med at noko er vondt, kva ein meiner om det å ha ansvar for noko grusomt, kva kriterier ein bruker for å sei at nokon er fullt ut ansvarlege for det dei har gjort, medan andre berre er litt ansvarlege, kva ein kunne ha gjort for å forbetra situasjonen - det treng me eit språk for.